

Stølen 20 A  
5911 Alversund

Stølen 26.04.2022

**SAK: Søknad om dispensasjon frå avstandskravet gitt i pbl 29-4.**

Med henvisning til innlevert byggesøknad om oppsetting av støttemur liggande på Gnr 137 Bnr 202 sin eigedom, så er nabovarsel med beskrivelse samt plassering av mur i terreng levert til naboar og eigarar av tilgrensande eiendommer. Det er også levert ut: Skriftleg erklæring på tiltak- Oppsetting av Støttemur etablert på Gnr 137 Bnr 202 sin eigedom.

Ved utlevering av nabovarsel m/vedlegg samt skriftleg erklæring så blei dette mottatt og akseptert av alle utan merknader.

For nabo Oddvar Rune Villanger, som også er **ein av fire eigarar** av Gnr 137 Bnr 90 som grensar inn mot støttemur 1, så var han ikkje å treffe på Stølen 48 A og nabovarsel med vedlegg og skriftleg erklæring blei difor sendt rekommandert med brev i posten den 25.01.22 og er bekrefta henta i Posten den 07.02.22.

Oddvar Rune Villanger, har pr. 26.04.22 ikkje respondert på tilsendt rekommandert nabo varsel.

Etter avstandskravet i pbl §29-4 er det krav om skriftleg samtykke ved etablering av støttemur 1 slik den er beskrevet i byggesøknaden.

Med bakgrunn i at dei tre andre eigarane av Gnr 137 Bnr 90 har gjeve slikt skriftleg løyve, så vil eg søkje om:

- Fritak for nabovarsling vedr. søknad om dispensasjon.
- Dispensasjon frå kravet om skriftleg løyve av Oddvar Rune Villanger mht avstandskravet beskrevet i pbl § 29-4.

Mvh  
Gunnar Vatnøy